

# Alkoholpolitiske retningslinjer

For løyveperioden 30.09.2024 – 30.09.2028.

Vedteke av Fitjar kommunestyre xx.xx.xxxx



## 1 Mål og delmål

Målet med desse vedtektene er å regulera alkoholomsetnaden i Fitjar slik at omsetnaden går føre seg i forsvarlege former slik statlege og kommunale organ føreset, og slik at

- dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholforbruk kan føra til, vert avgrensa i størst mogeleg grad
- omsetnaden vert utøvd i samsvar med alkohollova, med tilhøyrande forskrift og andre relevante lover, føreseigner og retningslinjer fastsett av Fitjar kommunestyre, til ei kvar tid
- næringa får føreseielege rammer for drifta

### Delmål:

- Fitjar kommune skal fylgja nasjonale retningslinjer for skjenking og alkoholpolitikk.
- Det er Fitjar kommune si generelle haldning at det skal vera ei kurant sak å få sals- og skjenkeløyve dersom søkjaren fyller dei vilkåra som alkohollova og anna relevant lovgjeving set. Like eins må vilkåra som går fram av kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer, og andre lover og forskrifter, vera oppfylt.
- Fitjar kommune legg opp til jamleg kontakt med utsals- og restaurantnæringa sine representantar i eigne kontaktforum. Hensikta er å skapa ein god dialog med næringa og samarbeid i tråd med alkohollova sitt føremål.
- Fitjar kommune legg opp til å kunna rettleia og formidla kunnskap om alkohollova overfor sals- og skjenkestadene i kommunen.
- Fitjar kommune legg ikkje opp til ei øvre grense for talet på sals- eller skjenkeløyve.
- Fitjar kommune legg opp til regelmessig kontroll med sals- og skjenkestadene – òg med stader som har fått tidsavgrensa løyve.
- Sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollova, anna relevant lovgjeving og kommunale vedtekter for alkoholomsetnaden, må rekna med at inndraging av sals- og skjenkeløyve kan bli aktuelt.

## 2 Sal av alkoholhaldig drikk

### 2.1 Tildeling av løyve

Løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan gis til alle verksemder som kan ha dette etter alkohollova – og forskrifta.

### 2.2 Vilkår knytt til salsløyve

Følgjande vilkår er knytt til salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1:

- Kommunalt salsløyve kan bli gjeve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og gjeld for eit lokale og ei særskilt verksemd
- Løyvehavar, styrar og reservestyrrar for salsløyvet må fylla vandelskrava som er fastsett i alkohollova.
- Salsstyrar og reservestyrrar for salsløyvet må ha avlagt godkjent Kunnskapsprøve i alkohollova.
- Styrar og reservestyrrar er ansvarlege for at utøvinga av løyvet til ei kvar tid vert forsvarleg utført og etter vilkåra i løyvevedtaket, i alkohollova og i Fitjar kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer.
- Løyvehavar pliktar å føre internkontroll i høve salsløyvet, alkohollova og vedtak fastsett i samsvar med alkohollova, jf. alkoholforskrifta §§ 8-1, 8-2 og

8-3.

- Løyvehavar og styrar pliktar å føre tilsyn med dei tilsette si utøving av sal, og er ansvarleg for at dei tilsette vert gjort kjent med regelverket for sal av alkoholhaldig drikk, og elles gitt den naudsynte vegleiinga for verksemda.
- Det skal til ei kvar tid innanfor salsstaden si opningstid vera mogleg å gjennomføra ikkje-varsla salskontroll med salslokalet.
- Alkoholhaldig drikk skal verta plassert slik at det ikkje vert veksla med alkoholfri og alkoholsvak drikk.
- Ved årsslutt og seinast innan 1.mars årleg, skal løyvehavar senda inn faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk via [elektronisk skjema](#).
- Dersom det er avvik på forventa omsetnad og faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk, utfører kommunen etterutrekning og etteroppgjjer.
- Alle endringar i høve løyvet skal varslast til kommunen via [endringsskjema](#) innan 30 dagar etter endringa trer i kraft.
- Det vil ligge føre grunnlag for vedtak om prikktildeling dersom salsstaden ikkje føl opp pliktene sine etter alkohollova, alkoholforskrifta eller vilkår i løyvevedtaket.

### 2.3 Salstider

Salstidene for alkoholhaldig drikk kan skje etter alkohollova og -forskrifta si til ei kvar tid gjeldande maksimaltid (dagar og klokkeslett). I Fitjar kommune har me følgjande tider per september 2024:

Måndag – fredag	Kl. 08:00 – 20:00
Laurdag	Kl. 08:00 – 18:00
Dagar før heilagdag	Kl. 08:00 – 18:00
Unntak	
• Onsdag før Kristi Himmelfartsdag	Kl. 08:00 – 20:00
Søndag, heilagdag, 1.mai og 17.mai	Stengt

## 3 Skjenking av alkoholhaldig drikk

### 3.1 Tildeling av løyve

Verksemder kan få løyve for sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3. Skjenkeløyvet gjeld for eit bestemt lokale og ei bestemt type verksemd, konsept.

Jf. Fitjar kommune sin Ruspolitiske handlingsplan skal Fitjar kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer ta omsyn til barn og unges tryggleik, og bør også spegle seg i bevillingspolitikken og vegast ved vurdering av konkrete løyvesøknader.

### 3.2 Vilkår knytt til faste skjenkeløyve

Følgjande vilkår er knytt til faste skjenkeløyve i Fitjar kommune

- Gyldig skjenkeløyve gitt frå kommunen skal til ei kvar tid vera synleg og tilgjengeleg i lokala.
- Skjenkestyrar og reservestyrar for skjenkeløyvet må ha avlagt godkjent Kunnskapsprøve i alkohollova.
- Løyvehavar, styrar, reservestyrar av skjenkeløyvet, og andre med vesentleg innflyting på verksemda, må fylla vandelskrava som er fastsett i alkohollova.
- Løyvehavar pliktar å føre internkontroll i høve skjenkeløyvet, alkohollova og vedtak fastsett i samsvar med alkohollova, jf. alkoholforskrifta §§ 8-1, 8-2 og 8-3.
- Det skal til ei kvar tid innanfor skjenkestaden si opningstid vera mogleg å gjennomføra ikkje-varsla salskontroll med skjenkelokalet.
- Ved årsslutt og seinast innan 1.mars årleg, skal løyvehavar senda inn faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk via [elektronisk skjema](#).
- Dersom det er avvik på forventa omsetnad og faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk, utfører kommunen etterutrekning og etteroppgjjer.

- Alle endringar i høve løyvet skal varslast til kommunen via [endringsskjema](#) innan 30 dagar etter endringa trer i kraft.
- Det vil ligge føre grunnlag for vedtak om prikktildeling dersom skjenkestaden ikkje fyl opp pliktene sine etter alkoholova, alkoholforskrifta eller vilkår i løyvevedtaket.
- Verksemda er plikta til å gjennomføra e-læringskurs i ansvarleg vertskap. Det er minstekrav at både skjenkestyrar og reservestyrar må gjennomføre dette e-læringskurset. Ein oppmodar likevel til at så mange som mogleg av dei tilsette gjennomfører dette kurset.  
 Dette kurset handlar om å bidra til eit trygt og hyggeleg uteliv ved å ikkje skjenka mindreårige eller openbart påverka gjester. Ansvarleg vertskap e-læring vil kunne gi verksemda kunnskap om regelverk og situasjonshandtering som kan vera nyttig i utelivsbransjen. Kurset kostar 200 kr per brukar – og ein finn det her:  
[Startsiden - Innlogging Ansvarligvertskap - \(helsedirektoratet.no\)](#)

### 3.3 Skjenkeløyve- og tider

Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk kan gis til alle verksemdar som kan ha dette etter alkoholova – og forskrifta. Skjenking av alkoholhaldig drikk kan skje etter alkoholova og - forskrifta si til ei kvar tid gjeldande maksimaltid (dagar og klokkeslett).

Per september 2024 gjeld fylgjande:

*Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, alle dagar, kl. 06.00-03.00.*

*Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3, alle dagar, kl. 13.00-03.00.*

Natta sommartida tek til, skal skjenketida følgja den oppsette skjenketida for den aktuelle dagen. Når vintertida tek til, skal skjenketida følgja den oppsette skjenketida for den aktuelle dagen.

Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøyra seinast 30 minutt etter skjenketidas utløp.

Overnattingsstader med skjenkebevilling kan skjenka alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 til overnattingsgjestar utan omsyn til avgrensingane i dette kapittel, jf. alkoholova § 4-4 siste ledd, på nærare vilkår.

### 3.4 Ambulerande løyve til slutta lag

Når tilhøva ligg til rette for det, kan det gjevast løyve til skjenking i slutta lag på ein stad som kan godkjennast ved eit einskild høve. Omgrepet slutta lag er omtalt nærmare i Sosial- og helsedepartementet sitt rundskriv I-5/08, jfr. merknadene til alkoholova § 4-5, sjå side 116-117.

Det er ein føresetnad at løyvehavaren er over 20 år. Vedtak om løyve skal vera tilgjengeleg i lokalet i perioden for skjenkeløyvet.

Ein kan nytta skjema – [Skjenkebevilling – søknad om bevilling for lukket selskap](#) for å sende inn søknad til Fitjar kommune.

### 3.5 Løyve til skjenking ved opne arrangement for einskildhøve

Det kan gjevast løyve til skjenking ved einskildhøve til opne arrangement innandørs og utandørs.

- Det er ein føresetnad at løyvehavar er over 20 år. Det skal utpeikast både ein styrar og ein reservestyrar for løyvet om arrangementets størrelse tilseier det.
- Vedtak om løyve skal vera tilgjengeleg i lokalet i perioden for skjenkeløyvet.

I bygg der det føregår mykje aktivitet for born og unge gjeld fylgjande reglar:

- Lokala kan kun nyttast for skjenking når det ikkje går føre seg arrangement retta mot born og unge på området, eller i tilknytt fellesareal.
- Når arrangement med alkoholserving skal finna stad, må lokalet/fellessområdet

- vera stengt for born og unge 1 time før og etter arrangementet.
- Det kan bli sett opp vakthald for å hindra at born og unge får tilgang til skjenkearealet. Dette vil gå fram i vedtak om løyve.

Store arrangement skal også meldast til både brannvesenet og politiet.

- Melding til brannvesenet: Her kan arrangør nytta [skjema](#) på heimesida til Fitjar kommune, for å sende søknad til brannvesenet
- Melding til politiet: Er arrangementet meldepliktig må ein sende søknaden til politiet minimum to veker før start. Er arrangementet søknadspliktig må du sende søknad minimum fire veker før start. Ved større arrangement bør ein orientera politiet allereie når ein startar planlegginga.  
[Her](#) finn du skjema for søknad til politiet, på deira heimesider.

Ein kan nytta skjema – [Skjenkebevilling – søknad om bevilling for åpent arrangement](#), for å sende inn søknad om skjenkeløyve til Fitjar kommune.

### **3.6 Løyve for kortare tidsperiodar**

I samband med spesielle arrangement som t.d. messer, revyar, festspel o.a. kan kommunen gje alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk for kortare tidsperiodar.

Serveringsstad som frå før har alminneleg skjenkeløyve, kan få utvida område for skjenking innandørs og utandørs.

Serveringsstader som ikkje har skjenkeløyve, kan få løyve for ein kortare tidsperiode dersom løyvehavar er over 20 år og har utvist uklanderleg vandel i høve til alkohollova og anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sine føremål.

Vedtak om løyve skal vera tilgjengeleg i lokalet i perioden for skjenkeløyvet.

## **4 Kontroll med sals- og skjenkeløyve**

Kommunen sin kontroll med sal og skjenking av alkohol er fastsett i alkohollova § 1-9. Kommunen kan òg ha kontroll med tidsavgrensa løyve. Rapportane vert årleg lagde fram for utval for oppvekst og omsorg.

Følgjande tiltak skal setjast i verk overfor sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollovgevinga:

- Dersom alkoholkontrollørane etter alkoholkontroll meiner å påvisa brot på alkohollova eller kommunale vedtekter ved sals- eller skjenkestad, skal kontrollørane skriva utfyllande, detaljert rapport til kommunen.
- Administrasjonen sender gjenpart av rapporten til den aktuelle sals- eller skjenkestaden og ber om kommentar og/eller gjennomfører samtale for å klargjera dei faktiske tilhøva.
- Ved brot på alkohollovgevinga skal kommunen tildela løyvehavar eit bestemt tal prikkar, jf. alkoholforskrifta § 10-2.

## **5 Avgifter**

Sals- og skjenkeavgiftene skal nyttast til:

- å vera med å dekkja opp kommunen sine utgifter ved ei tilfredsstillande kontrollordning
- å gje opplæring og oppdatering av administrativt personale
- rusførebyggjande tiltak mellom barn og unge

Avgifta for skjenkeprøve, ambulerande- og tidsavgrensa løyve skal til ein kvar tid vera lik gebyr angitt i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv.

Reglar om bevillingsgebyr for faste sals- og skjenkeløyve er fastsett i alkoholforskrifta kapittel 6. Gebyret blir fastsett for eitt år om gongen for kvart einskild løyve på grunnlag av forventa omsett mengd alkoholhaldig drikk. Løyvehavar skal innbetala eit forskotsgebyr. Innan 1. mars kvart år skal løyvehavar senda inn oppgåve over faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk året før. Dersom det ligg føre avvik på meir enn kr 100 mellom tidlegare oppgitt forventa omsetnad og faktisk omsetnad, skal kommunen foreta etterutrekning og etteroppgjjer.

Gjeldande avgifter for Fitjar kommune frå september 2024:

<b>Gebyr:</b>	<b>Eining:</b>	<b>Sats 2024:</b>
Ambulerande skjenkeløyve (Lukka lag)	Per arrangement	400
Einskild skjenkeløyve inntil 100 personar/deltakarar	Per arrangement	500
Einskild skjenkeløyve inntil 300 personar/deltakarar	Per arrangement	1000
Einskild skjenkeløyve over 300 personar/deltakarar	Per arrangement	1500
Etablerar-/kunnskapsprøve	Per forsøk	Sum Jf. alkoholforskrifta § 5-6.
Faste skjenkeløyve	Per år	Sum Jf. alkoholforskrifta § 6-2.
Faste salsløyve	Per år	Sum Jf. alkoholforskrifta § 6-2.

## 6 Sakshandsaming

### 6.1 Vandelsvurderingar

Administrasjonen hentar inn vandelsvurderingar i samband med alle søknadar om faste løyve. Ved søknadar om løyve vert det innhenta vandelsvurdering ein gang i løpet av kommunestyreperioden. Fitjar kommune kan henta inn vandelsvurderingar i samband med eventuelt vedtak om vidareføring av gjeldande løyve for ny kommunestyreperiode.

### 6.2 Faste høyringsinstansar

Det vert henta inn vandelsvurderingar frå Skatteetaten og Sør-Vest politidistrikt i samband med søknad om faste løyver. Ein sender også oppmoding om uttale hos NAV.

### 6.3 Søknadsfristar og sakshandsamingstid

Søknadsfrist for tidsavgrensa løyve er **seinast 4 veker** før arrangementet skal finna stad. Dersom det ikkje er gjort vandelsvurdering av skjenkestyrar i løpet av kommunestyreperioden er fristen **6 veker**.

Sakshandsamingstida for faste løyve vil normalt ta lenger tid etter som fleire høyringsinstansar skal uttala seg til søknaden. Kommunen legg opp til at det i alle høve ikkje skal gå meir enn 60 dagar frå søknaden er motteken til endeleg vedtak er gjort.

### 6.4 Klagehandsaming

Kommunen sine enkeltvedtak etter alkohollova § 1-8 og kap. 3, 4 og 7 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. § 1-16.

For den interne klageordninga gjeld følgjande:

- Enkeltvedtak gjort av utval for oppvekst og omsorg kan klagast på til kommunestyret. Dersom kommunestyret sluttar seg til utvalet sitt vedtak, skal klagen sendast vidare til Fylkesmannen dersom saka fell inn under første avsnitt i dette kapitelet.
- Enkeltvedtak gjort av administrasjonen kan klagast på til utval for oppvekst og omsorg.